

Eivind Sagstad  
Sagstadvegen 135  
5919 Frekhaug

## Svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - gnr 319 bnr 34 Sagstad nedre

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5308 av 20.07.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5308 for å bygge garasje/tilbygg med tilhøyrande veranda på framsida av huset med gnr. 319 bnr. 34 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vere i samsvar med situasjonskart datert 22.07.2020, kontrollmålt avstand datert 13.07.2020 som ligg ved, og i samsvar med presiseringa under bakgrunnen for vedtaket i dette brevet.
2. Avstanden frå tiltaket til senterlina på fylkesveg 5308 skal vera minst 23 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentlig veg.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5308.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesveg 5308 har haldningsklasse mindre streng, som opnar for å gje dispensasjon frå byggegrense for tiltak som ligg 30 meter eller meir frå vegmidte. Situasjonsplanen datert 20.07.2020 frå tiltakshavar er mangelfull fordi den ikkje inneheld avstand frå tiltak til vegmidte på fylkesveg 5308. Avstand frå tiltak til midten av fylkesveg 5308 er i følgje søknaden datert 20.07.2020 25 meter. Vi har kontrollmålt ca. 24 meter frå bustad til vegmidte som vist i vedlegg datert 13.08.2020. I situasjonsplanen frå tiltakshavar datert 20.07.2020 er det teikna inn 3,5 meter frå tiltak til mur. I kontrollmålt avstand datert 13.08.2020 som ligg ved, er det målt 4,5 meter frå bustad til mur. Vi godkjenner dermed at tiltaket vil komme 1 meter nærmare vegen enn bustaden, og gir dermed dispensasjon for at tiltaket kan byggast 23 meter frå midten av fylkesveg 5308.

## Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Christian Stokke Rye  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Kontrollmålt avstand - Vedlegg - Svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - gnr 319 bnr 34 Sagstad nedre**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4